

Innbyding til

Handverksmesse

Laurdag 16. og søndag 17. november 2019
i Siddis-stova, Rektor Oldensgt. 17, Stavanger

Bondeungdomslaget i Stavanger bed inn til handverksmesse i "Siddis-stova", lagshuset vårt i Rektor Oldensgt. 17, Stavanger **laurdag 16.11. kl. 11:00 til 16:00 og søndag 17.11. kl. 11:00 til 16:00.**

Lagshuset vårt ligg på Tjensvoll / Lassa rett utanfor sentrum i nærleiken av Stavanger Forum sitt messeområde (SiddisHallen). Vi legg opp til ei messe der dyktige handverkarar sel eigenproduserte produkt innanfor ulike område. I tillegg har laget ein eigen stand der me sel ulike bruks- og nytteartiklar medlemene våre har laga til inntekt for laget.

Salgsmessa vert i hovudsalen som er omlag 360 m² stor. I dei tilstøytande lokala vil det bli kafèdrift med matserving (også varm mat). Vi vil satse på ei familievenleg messe med tilbod både for små og store, og utan inngangspengar.

Vi vil gjere messa kjend ved annonser i lokalavisene i Stavanger og omland, og med utdeling av flygeblad og plakatar rundt i distriktet.

Treng du overnatting er det fleire hotell i nærleiken i gangavstand frå Siddis-stova.

Prisar: Påmeldingsavgifta som og inkluderer ein grunnmodul (bord) på 1,2 meter lengde er kr. 500,-

Vil du ha større plass, kostar kvar tilleggsmodul på 1,2 meter kr. 500,-

Opprigginga blir fredag 15.11. frå kl. 17:00. Det vil vera enten fast vegg eller skiljeveggar ved dei fleste plassane samt bord for kvar bestilt modul. Andre særskilde ønskje **må** førast opp på påmeldingsskjemaet. Det vil vera døgnvakt i huset under heile messa for å sikre varene på beste måte.

Påmelding og betaling av messeavgifta snarast. Vi ønskjer ei størst mogleg breidde på utvalet, så er det mange med same varegruppe som ønskjer plass, gjeld først-til-mølla regelen.

Sjå og heimesida vår www.bulstavanger.no. Her kan du også melde deg på ved å fylle ut eit elektronisk påmeldingsskjema

Meir opplysning kan du få ved å kontakte:

Irene Holmedal, tlf. 51 52 77 68, mobiltlf. 48 29 49 70

e-post: bul.stav@gmail.com



Arrangør:

Bondeungdomslaget i Stavanger

Rektor Oldens gate 17
4022 Stavanger